



Møtereferat

Rådmannsgruppa i Sogn regionråd

Føremål:	Møtereferat
Møtetid:	3.2.2021 kl 11-1530
Stad:	Sogndal kommunehus, kommunestyresalen
Referent:	Karina Nerland
Møteleiar:	Steinar Sjøgaard

Faste deltakarar
Namn
Gunn Lerøy (Lærdal), Kjellaug Brekkhus (Høyanger), Stig Stark-Johansen (Årdal), Ellen Njøs Lillesvangstu (sak 2-7 og 10) (Sogndal), Jarle Skartun (Luster), Steinar Sjøgaard (Aurland), Øistein Sjøvik (Vik), Karina Nerland (dagleg leiar Sogn regionråd) og Tor-Einar Skinlo (sak 2-7 og 10) (kommunalsjef Sogndal kommune)
Forfall
Andre
Helge Ulvestad (sak 1), Elin Åsnes Øvretun og Anne Sigrid Loftesnes Harjo (sak 8 - Teams), Joakim Systaddal (sak 9)

AGENDA

Nr	Sakliste	Ansvarleg
1	Desentralisert sjukepleiarutdanning – status Prosjektleiar Helge Ulvestad orienterte om status i prosjektet. Presentasjonen er lagt ved. Høgskulen har nye retningslinjer frå 1.2.2021 m.a. er det krav om arbeid i kommunen minimum 2 år heiltid. Krav om skulepengar kr 12000 pr år i dei fire åra går ut. Semesteravgifta er på kr 800. Hvl legg opp til meir bruk av digital undervisning. Søknadsfrist for start på studiet til hausten er 15. april 2021. Det er viktig at leiarane held fram med å motivera tilsette til å søkje på studiet slik at regionen når målet om at minst 16 tilsette byrjar til hausten. Innspel frå rådmennene om at meir av undervisninga må leggjast i regionen. Det nye kravet om 2 år praksis i fulltid kan virke ekskluderande. Hvl ved dekan blir kontakta om møte. Leiar i rådmannsgruppa blir med. Rådmennene signaliserte i møtet at det kan vera aktuelt med auke i støtteordninga.	Karina
2	Referat frå sist møte 23.11.20 - Ingen merknader	

3	Felles profil og merkevareprosjektet – om prosjektet og prosjektleiing Prosjektplanen vart sendt ut til møtet. Tilbakemelding frå både næringsliv og offentlege arbeidsplassar at å gjere Sogn kjent som attraktiv region er viktig for rekrutteringa. Prosjektet er forankra i gjeldande regionalplan. Finansiering m.a. frå fylkeskommunen og rådet. Joakim Systaddal i Sogndal kan ta på seg å vera prosjektleiar. Ingen merknader frå rådmannsgruppa.	Karina
4	Prosjektleiar Sogn for alle. Notat (unnateke offil) vart utsendt til møtet. Dagleg leiar orienterte. Rådmannsgruppa føreset kontakt med NAV om saka. Sogndal kommune følgjer opp.	Ellen
5	Avtale Sogn regionråd og Sogndal kommune om sekretariatstenester. Forslag til avtale var sendt ut til møtet. Ingen merknader. Avtalen går til rådet for handsaming.	Karina
6	Ultralydustyr for gravide ved Lærdal sjukehus Kommunane har tidlegare vedteke å løyve midlar. Forslag til avtale var sendt ut til møtet. Ingen merknader. Det vert teke kontakt om avtale og samla utbetaling til Helse Førde.	Karina
7	Mandat IKT-faggruppa Forslag til mandat var sendt ut til møtet. Rådmennene melder tilbake ev. merknader til neste møte.	Alle
8	Miljøretta helsevern. Orientering om oppgåver og fokusområde framover. Ønskjer at oppvekstleiing, teknisk leiing og planavdeling har rutinar for å involvera miljøretta helsevern slik at dei vert trekt tidleg nok med i planarbeidet. Presentasjonen ligg ved.	Alle
9	Digitaliseringsstrategi. Orientering ved Joakim Systaddal om strategien til Sogndal kommune. Sogndal inviterer dei andre kommunane til samarbeid. Presentasjonen ligg ved	Alle
10	Ymse	
	Kompetanseregion Sogn (tidlegare barnehage og skuleregion Sogn): Odd Einar Fimreite, Årdal kommune, vert nestleiar	
	Partnarskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn Sendt til kommunane slik at den blir gjort kjent blant leiarar mv.	Alle
	Befolkningsanalyse frå Norkart Jf informasjon i sist RG-møte og e-post 18.1. Ikkje fleire abonnentar enn dei kommunane som alt har meldt inn.	Karina
	Kvalitetsheving av data for kommunale gebyr Det er behov for to nye representantar til arbeidsgruppa som skal jobbe med søknad om fornyingsmidlar innan 1. mars. Kommunane får spørsmål og melder tilbake.	Karina
	Ny barnehagelov og «armlengdes» avstand mellom «eigar og tilsyn/mynde» - korleis vert det løyst/korleis er det tenkt løyst i kommunane våre. Innspel i møte vart drøfta. Saka vert ev førebudd for nærare drøfting på seinare møte.	
	IKT-utvikling – oppdatering frå dei ulike kommunane Det var synspunkt i rådmannsgruppa at det kan vere uheldig for samarbeid at me no vel høgst ulike driftsløysingar for IKT-drift. Alle kommunane reknar med å delta i utviklingsarbeid via Digi-Vestland.	

	<p>Vertskommune-, regionrådsavtalane</p> <p>Framlegg til vertskommuneavtalar, i regi av Sogndal kommune, er lagt fram for signering. Avtalane er på «felles mal» og det er nedfelt felles prinsipp for husleige og administrative kostnader i avtalane. Luster kommune etterlyste desse prinsippa innlagt i budsjettframlegg for dei ulike avtalane for 2021. Budsjett skal følgje avtalane som vedlegg. Sogndal svara at det er kapasitetsmessige utfordringar med å få dette fram no.</p>	Alle
	<p>Sogn for alle – foreldrerettlegg, jf krav i introduksjonsprogrammet etter ny introduksjonslov. Gjennom prosjektet går søknad om fornyingsmidlar for kompetansedeling og opplæring i felles program.</p> <p>Søker også andre fleire tilskotsordningar for å finansiera tiltak i prosjektet (mentorordning, etableraropplæring, mangfaldig arbeidsliv mv.).</p>	Karina
	<p>Breiband – søknadsfrist april/mai for breibandmidlar og behovet for å lage «restplan», jf info frå IT-forum i sist rådsmøte.</p>	Alle
	<p>Neste regionrådsmøte</p> <p>Ikkje fellesmøte 19. februar grunna smittevernsrestriksjonar. I staden kan rådmennene delta via Teams.</p>	Karina